



Eyvind Kvernhusvik Falch  
Johannes Bruns Gate 3  
5008 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/6644 - 22/75183

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
30.09.2022

## Løyve til utslepp av avløpsvatn - gråvassreanseanlegg - gbnr 327/74 Moldekleiv

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1062/22  
**Byggestad:** Gbnr: 327/74  
**Tiltakshavar:** Eyvind Kvernhusvik Falch  
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås Vvs As  
**Søknadstype:** Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

### VEDTAK

Det vert gjeve utsleppsløyve for gråvatn frå fritidsbustad på gbnr. 327/74 Moldekleiv på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert gråvassreanseanlegg. Restutsleppet frå gråvassreanseanlegget skal førast i tett leidning til etterpoleringgrøft som omsøkt og vist på kart datert 12.05.2022.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
3. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensnig av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
4. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felleisleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
5. Tiltaket er søknadspiktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
6. Før avløpsanlegget takast i bruk må det liggje føre stadfesting frå montør og koordinatar for plassering av anlegget.

Vedtaket er heimla i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5.

### **Saka gjeld**

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for gråvatn for fritidseigedom på gbnr. 327/74 Moldekleiv. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i gråvassreinseanlegg av typen Vera slamfilter før utsleppet vert ført vidare via infiltrasjonsgrøft til terreng. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 09.09.2022.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplan for Meland er definert som område for LNF spreidd fritidsbusetnad.

### **Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Alver kommune har vurdert om saka må sendast på høyring og finn at det ikkje er særlege forhold i denne saka som inneber at saka må sendast på høyring.

### **Plassering**

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 12.05.2022.

### **Reinseløysing**

Utsleppet skal reinsast i gråvassreinseanlegg av typen Vera slamfilter.

Anlegget skal stetta reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

### **Drift og vedlikehald**

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar driftar og vedlikeheldt anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13. Filterpose skal skiftast ved behov.

### **Privatrettslege tilhøve**

Avløpsanlegg og leidningsnett er plassert på eigen eigedom.

### **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast ved at det vert sett krav til reinsing av utsleppet i gråvassreinseanlegg med utslepp via infiltrasjonsgrøft til terreng.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Før arbeidet med etablering av anlegget kan setjast i verk må det søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Både søknadsprosess og utføring må takast i vare av eit kvalifisert føretak som kan godkjennast som ansvarshavande innafor ansvarsområdet ansvarleg søkjer, ansvarleg prosjekterande og ansvarleg utførande

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. forureiningsloven § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klagt på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/6644**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Eyvind Kvernhusvik Falch

Johannes Bruns 5008

BERGEN

Gate 3

Hjelmås Vvs As

Torvhusmyrane 5913

EIKANGERVÅG

2